



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119, Dep.

0032 OSLO

Dykkar ref
200604428

Vår ref
06/2798

Dato:
18.12.2006

HØRING - FRAMLEGG TIL NY SAMS FORSKRIFT OM OPPTAK TIL HØGRE UTDANNING

Vi viser til departementet sitt brev av 18.10.06. Saka har vore til intern høring ved Universitetet i Bergen, og vi vil med dette gi vår uttale.

Generelt; om hovudpunkt i denne uttalen

Vi har merka oss at høringsfristen var på to månader. For ei så omfattande sak som denne er det vårt syn at det er ein noko for kort frist. Tre månader hadde vore meir tenleg.

Elles vil vi kommentere ei rekkje punkt i framlegget, men hovudtyngda vil liggje på kap. 2 og kap. 7, m.a. spørsmålet om og i kva grad dei gjeldande særreglane for rangering til medisinstudiet skal vidareførast og om realfagspoeng.

Kapittel 2: Generell studiekompetanse

I § 2-1 er det gjort framlegg om to alternative utformingar av den såkalla 23/5-regelen. Universitetet i Bergen går inn for alternativ 1, dvs. ei vidareføring av ordninga som gjeld i dag. Alternativ to, som berre er eit alderskrav pluss krav om visse fag i vidaregåande skule, ser vi ikkje som heldig. Rett nok kan ein rekne med at mange av søkjarane i denne gruppa har nokså omfattande praksis frå yrke og utdanning, slik at for desse vil ikkje valet mellom alternativ 1 og alternativ 2 gjere noko reell forskjell, anna enn at dei slepp å dokumentere denne praksisen og opptaksorgana slepp å kontrollere dokumentasjonen. Slik alternativ 2 framstår, er det likevel ein regel om at dei som er over 23 år, berre treng å ta seks fag frå vidaregåande, og at det er resultatet frå desse seks faga som er grunnlaget for rangeringa av dei. Det er dermed tale om ei reell svekking av dagens ordning, ved at det som vert kravd i tillegg til dei seks faga berre er oppnådd alder. Det vil vere betydeleg lemping i høve til dagens krav. Vi tvilar og på at det vil bli noka reell forenkling, jf. framlegget til § 7-4, som i praksis vil innebære at søkjarar med fullt vitnemål frå vidaregåande skule og som er over 23 år må poengrekneast to gonger, fordi dei også er kvalifisert etter 23/5-regelen. Dette vil gi mykje meirarbeid. Endeleg kan alternativ 2 sjåast som ei konkurransevriding, ved at søkjarar over 23 år kan konkurrere med berre seks fag, medan andre søkjarar må konkurrere med mange fleire fag. Vi har merka oss framlegget om at 23/5-søkjarar uansett får alderspoeng først etter fylte 24 år, medan andre får det frå fylte 20 år, men dette er ikkje nok til å vege opp for dei uheldige sidene ved alternativ 2. Vi vil såleis rå til å velje alternativ 1.

Når det elles gjeld § 2-1 vil vi foreslå at hovudregelen om at studiekompetanse på grunnlag av vitnemål vert noko endra, ved at orda "eller yrkeskompetanse" vert strokne. Dette bør etter vår meining sjåast som eit unntak frå kravet til generell studiekompetanse, og bør eventuelt regulerast i kapittel 3.

Når det gjeld § 2-3, har vi ikkje innvendingar mot at denne vert gjort gjeldande også for søkjarar som er under 25 år. Vi vil derimot ikkje gå inn for den skjerpinga som ligg i at generell studiekompetanse berre kan oppnåast gjennom ei utdanning på minst 60 studiepoeng, medan ein i dag kan få det også med to utdanningar på minst 30 studiepoeng kvar. Slik denne regelen er i dag, gir den gode – og etter vår meining underutnytta - moglegheiter til å lage vidareutdanningstilbod som er særleg retta mot yrkesaktive med visse former for realkompetanse. Det er ønskeleg å bevare den fleksibiliteten som ligg i alternativet 30+30 studiepoeng, slik at ein i samarbeid med næringslivet kan lage gode tilbod som ligg til rette for deltidsstudium, og som ikkje nødvendigvis inneber at søkjarar må forplikte seg til eit studium på heile 60 poeng. For mange vil det høve godt å ta berre 30, for så eventuelt å komme tilbake etter nokre år og ta 30 poeng til. Vi vil tru at dette synspunktet slår til også overfor andre grupper som er omfatta av reglane i kapittel 3 i framlegget.

Til § 2-4 vil vi foreslå at det i tillegg til norskkrav også kjem inn eit krav om studieførebuande nivå i engelsk. Vidare er det ønskeleg at søkjarar med fagskulebakgrunn også må kunne poengrekna. Dersom dei fell inn under gruppa som ikkje kan poengrekna, kan det føre til mykje meirarbeid.

Vi har ikkje merknader til kapittel 3.

Kapittel 4 gjeld spesielle opptakskrav, og vi vil foreslå nokre tillegg her. Det gjeld for det første § 4-1, c), 2 i framlegget. Denne gjeld realfag og natur- og miljøfag, men nemner ikkje lærarutdanningane i realfag. Ved Universitetet i Bergen tilbyr vi både ei femårig integrert lærarutdanning i realfag og ei fireårig utdanning. Begge desse er både fullverdige realfagsutdanningar og lærarutdanningar. Omsynet til at studentane må ha det nødvendige faglege grunnlaget for å kunne fullføre utdanninga er såleis like sterkt for desse utdanningane som for realfag elles. Vi vil foreslå at desse utdanningane vert tekne inn i opprekninga her, alternativt at dei vert omtalte i regelen om lærarutdanningar, pkt. g) 1 i same paragraf, med fagkrav tilsvarende krava i pkt. c) 2.

Vidare har både Det nasjonale fakultetsmøtet for realfag og våre eigne realfaglege miljø rådd til andre endringar. Når det gjeld informatikk (§ 4-1 c) 1), er det gjort framlegg om slikt spesielt opptakskrav:

- Matematikk R1/Matematikk (S1+S2) + Matematikk (R1+R2)/Fysikk (1+2)/Informasjonsteknologi (1+2).

Det er og eit ønske om å innføre eit nytt sett spesielle opptakskrav for studieprogram med obligatorisk krav til grunnleggjande matematikkemne i første semester. For at studentane skal vere førebudde på dette, treng dei stor fordjuping i matematikk frå vidaregåande. I dagens system vil dette svare til matematikkkravet ved prosessteknologi-programma som Universitetet i Stavanger har.

Endeleg viser vi til vårt brev av 17.01.05 (sjå vedlegg), der vi gjorde framlegg om nye spesielle opptakskrav for profesjonsstudiet i samfunnsøkonomi. Det er framleis eit sterkt, og

etter vår meining velgrunna, ønske frå fagmiljøa både ved vår institusjon, ved Universitetet i Oslo og ved NTNU om eit slikt opptakskrav.

Samla gjer vi framlegg om desse endringane i kapittel 4:

- Spesielle opptakskrav for lærarutdanningar i realfag må komme tydeleg fram. Opptakskravet bør vere det same som for realfag elles.
- Skjerpa opptakskrav for informatikk.
- Skjerpa opptakskrav for program med obligatoriske matematikkemne i første semester.
- Nye spesielle opptakskrav for profesjonsstudiet i samfunnsøkonomi.

Til kapittel 5 i framlegget har vi ikkje merknader.

Når det gjeld kapittel 6, vil vi for det første reise spørsmålet om dette kapitlet bør stå i opptaksforskrifta i det heile. Det er langt og det gjeld tilhøve som er av ein heilt annan karakter enn det som er kjernen i eit regelsett om opptak. Etter vårt skjønns kan dette med fordel takast ut og plasserast i ei eiga forskrift.

Vidare vil vi foreslå at det vert innført krav om politiattest for alle dei utdanningane som no er omfatta av forskrifta om skikkethetsvurdering. Etter vårt syn er det liten grunn til å krevje politiattest for nokre av desse utdanningane, men ikkje for andre. Ved å krevje politiattest kan ein i nokre høve avskjere personar med alvorlege straffbare tilhøve på rullebladet frå opptak til pedagogiske og helsefagsutdanningar. Dette kan m.a. spare både institusjonane og studentane for den tunge og stigmatiserande prosessen som ei seinare vurdering etter skikkethetsreglane er. Endeleg meiner vi at for helsefagutdanningar bør politiattesten omfatte både sedelegheitsbrottsverk, valdsbrottsverk og narkotikabrottsverk.

Vi har og ei rekkje merknader til kapittel 7, ikkje minst når det gjeld reglane om opptak til medisinstudiet. Innleiingsvis vil vi nemne at det etter vårt syn er liten grunn til å halde på reglane om særkvotar som praksiskvote for journalistutdanning og samekvote for medisinstudiet ved UiB.

Vi er samde i at nemninga "primærvitnemål" kan gå ut og at "førstegangsvitnemål" tek over. Etter vårt syn er "førstegangsvitnemål" ei meir dekkande nemning på det som er kjernen også i dagens forskrift, nemlig det vitnemålet som ein ung søkjar har med seg etter å ha gjennomført vidaregåande utdanning på normert tid og elles på vanleg måte. Det er likevel ikkje til å leggje skjul på at både den eine og den andre nemninga kan tilsløre det fulle innhaldet i det rettslege omgrepet "førstegangs-/primærvitnemål". Vi vil derfor foreslå at ein lagar ein legaldefinisjon av dette i ein eigen paragraf eller eit eige ledd, snarare enn ein indirekte definisjon i samband med regelen om kvote for førstegangsvitnemål.

Når det gjeld opptaket til medisinstudiet, er det fleire kryssande omsyn som gjeld. På den eine sida er dei gjeldande reglane vel innarbeidde over fleire år, og forhåpentlegvis vel kjende. Også Opptakssentralen Medisin er no eit veletablert organ som representerer ein verdifull kompetanse.

Vi vil likevel vise til at Den sentrale klagenemnda ved Universitetet i Bergen, som til og med 2002 handsama klager om opptak til medisinstudiet, fleire gonger uttalte seg kritisk til dei reglane som gjalt. Dette kom tydelegast fram i årsmeldinga for 2000 (gjenteke i 2001), der nemnda uttalte dette:

Når det gjelder opptaket til medisinstudiet, framstår det for nemnda som vanskelig å ta stilling til en rekke spørsmål. Dette gjelder for eksempel søknere som rangeres skjønnsmessig. For nemnda er realiteten at man bare får innsyn i en liten andel av disse, samtidig som skjønnskriteriene er lite utpenslet. Det blir dermed vanskelig for nemnda å vurdere sakene i full bredde, ikke minst med tanke på om det føres en konsekvent praksis i opptaksorganene.

Når det videre gjelder medisineropptaket, har nemnda merket seg at opptaksprosedyrene er relativt kompliserte, særlig for søkere som helt eller delvis har utdanning fra land utenfor Norden. Det framstår som vanskelig for en del av disse å tilegne seg all nødvendig informasjon om hvordan de skal gå fram ved innsending av søknader og supplerende dokumentasjon, og om hvordan de skal skaffe seg nødvendig tilleggsk dokumentasjon. Eksempler på dette er søkere som har høyere utdanning fra land med utdanningssystemer som ikke er velkjente i Norge. Disse må selv skaffe seg dokumentasjon på hvilket nivå denne utdanningen er på, og hvilket innhold den har. Dette er en tilleggsbelastning som kan være tung, særlig for søkere som ikke er godt vant med norske forhold. Nemnda erkjenner at søkerne selv har et omfattende ansvar for å legge fram korrekt og fullstendig dokumentasjon, men vil likevel peke på behovet for god og lettfattelig informasjon til søkerne. Det må legges vekt på at reglene ikke blir mer kompliserte enn de er i dag, og om mulig må det vurderes forenklinger.

Klagehandsaminga i slike saker er no lagd til ei nasjonal nemnd, og for ei vurdering av om slike synspunkt er like aktuelle i dag, vil det sjølvsagt vere av stor interesse å få synspunkt frå denne nemnda. Generelt vil vi likevel peike på at medisinoptaket er for komplisert og bør gjerast enklare. Vi er såleis positivt innstilt til framlegget om å ta bort høvet til å dokumentere realfagspoeng som er tekne i ettertid på eit førstegangsvitnemål. Dette er ei klar forenkling, som også kan gjelde andre utdanningar enn medisin. Vi vil også støtte framlegget om å fjerne særreglane om tilleggspoeng for relevant praksis ved medisinoptaket. Erfaringane frå tidlegare viste klart at også desse reglane var vanskelege å informere om, at dei skjønnsmessige avvegingane kunne vere vanskelege og at det var til dels særskrevjande for søkjarane å skjønne dei.

Framlegget om å innføre alderspoeng også for medisin, som for alle andre utdanningar, har vi ikkje merknader til. Vi har ikkje grunn til å tru at dette vil føre til noka vesentleg auke i snittalderen på dei som kjem inn på medisin eller at det vil gi store føremoner for søkjarar som er over 20 år.

Når det elles gjeld reglane i kapittel 7, er det spørsmålet om realfagspoeng som er det viktigaste. Vi er samde i at reglane om fordjupingspoeng kan gå ut fordi krava til fagleg fordjuping no vert vesentleg skjerpa i den vidaregåande utdanninga. Då blir det viktig å sjå på grunngevinga for andre former for tilleggspoeng. Realfagspoeng har etter det vi har forstått fleire grunngevingar. Ein er å auke rekrutteringa til realfag, både i den vidaregåande skulen og i høgre utdanning. Ein annan er å bidra til eit betre fagleg grunnlag for dei nye realfagsstudentane ved universitet og høgskular. I denne samanhengen er nok dei spesielle opptakskrava viktigare, men dei må sjåast i samheng med realfagspoenga. Ein tredje grunn er å auke det som kan kallast den realfaglege danninga i folket.

Vi må dessverre erkjenne at tilstrøyminga til realfaglege studium ikkje aukar, og i dette høvet har realfagspoeng ikkje vist seg å vere tilstrekkeleg. Det kan og vere grunn til å peike på at realfagspoeng vert eit konkurransefortrinn til utdanningar som ikkje inneheld mykje realfag, men der det er konkurranse, t.d. rettsvitenskap og mediefag. Det kan sjølvsagt vere uheldig at elevar har slike grunnar for å velje realfag snarare enn andre fag som dei er sterkare

motiverte for, men alt i alt trur vi ikkje det er grunn til å vere sterkt bekymra for dette. Om det blant juristar og mediefolk og andre grupper for framtida er ein større del enn før som har bakgrunn i realfag frå den vidaregåande skulen, er det eit gode.

Det som ein bør vurdere nøye, er kor stor utteljing det skal vere mogleg å få for realfag. Vi meiner for det første at det bør vere lik utteljing for alle, helst med 0,5 poeng for kvart realfagsemne, og at det bør vurderast å setje ei maksimalgrense på endå færre poeng enn i departementets framlegg, t.d. slik at maksimumsgrensa vert tre. Dette vil gi rom for fordjuping i fleire realfag, samstundes som ikkje elevlar som og er motivert for andre fag i skulen i for stor grad taper moglegheiter til å skaffe seg tilleggspoeng.

Vi har ikkje merknader til å ta vekk ordninga med bonuspoeng for visse kunstfaglege utdanningar. Vi meiner og at reglane om kjønns-poeng bør takast bort. Desse gir best mening om det vert ført ein bevisst og heilskapleg politikk for å rette opp skeiv rekruttering til utdanningar og yrke av fleire ulike slag, og når det er godt tilfang av kvalifiserte søkjarar av det underrepresenterte kjønnet. Vi stiller oss tvilande til at dette er tilfellet for mange utdanningar i dag. I tillegg framstår regelen som noko tvilsam i høve til anna lovgjeving om likestilling. Vi kan derfor vanskeleg sjå at det er gode nok grunnar til å halde på denne paragrafen.

Når det gjeld tilleggspoeng for førstegangsteneste, både militær og sivil, har grunn-gjevinga for dette og blitt svekt, fordi det i dag er langt færre enn før som gjennomfører slik teneste og for dei som gjer det, er det i mykje større grad enn før eit val snarare enn ein tvang. Å ta regelen vekk vil på den andre sida vere ei forenkling av opptakshandsaminga. Samla sett vil vi gå inn for å fjerne denne regelen.

Også regelen om tilleggspoeng for folkehøgskule bør fjernast. Det er vanskeleg å sjå gode faglege grunnar for tilleggspoeng her, og dersom målet om ei vesentleg forenkling skal nåast, bør også denne regelen fjernast.

Reglane om tilleggspoeng for høgre utdanning er foreslått vidareført, og det vil vi støtte. Her er det vesentleg lettare å sjå den faglege grunn-gjevinga for å gi tilleggspoeng enn når det gjeld folkehøgskuleutdanning.

Med helsing

Sigmund Grønmo
rektor

Kåre Rommetveit
universitetsdirektør

kopi til: Fakulteta
Studentrådet

Vedlegg: Kopi av brev 17.01.05 om spesielle opptakskrav for samfunnsøkonomi